



Trioen som skal måla kyrkja: Stian Patterson frå Noreg, Michal Szewczak frå Polen og Tinnapob Meesai frå Thailand

Kyrkja vår tar til å bli målingsslitt og særleg gjeld det vestveggen med inngangspartiet. Men no skjer det noko - i dag har stillasa foran denne veggene kome på plass og målinga kan starta. Målarar frå 3 nasjonar er i arbeid - Noreg, Polen og Thailand!

Det er firmaet Meusburger som har fått jobben. Det har basen sin i Odda og for tida har det ein stab på 8. Det spesielle namnet skriv seg frå Austerrike og derifrå kom gründaren men no er det sonen som driv.

Dei har spesialisert seg på antikvarisk måling og oppussing og konsentrerer seg om Hordaland der dei til dømes har måla kyrkjer og museale bygg. Jobben i Uskedalen reknar basen, Stian Patterson, tar rundt ei veke men mykje avheng naturleg nok av veret.

Det idelle hadde vore å måla kyrkja før på året, men det passar ikkje så bra alltid. Når vestveggen er måla kjem turen til dei andre veggane, men det blir ikkje i år, opplyser Patterson. Kyrkja vil i alle fall vera nymåla og fin til 100-årsjubileet i 2014.

Tekst Ola Matti Mathisen